

UTDANNINGSDIREKTORATET  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLODato: 19.07.2018  
Vår ref.: 2018/11116-3  
Saksbehandlar: hiltruns  
Dykkar ref.:

## Søknad om forsøk

Hordaland fylkeskommune viser til brev datert 12.07.18 vedkomande forsøk med nytt utdanningstilbod og lærefag ved Knarvik vidaregåande skule (ref. 2018/19206).

Saman med søknaden har Knarvik vidaregåande skule sendt følgjande utdrag frå møtebok for lokalt info- og drøftingsmøte opplæring 30. mai 2018:

### **Sak 41/18 TAF Havbruksteknologi ved Knarvik vgs.**

*Møteleiar viste til utsend vedlegg «Havbruksteknologi, søknad forsøk med nytt utdanningstilbod og lærefag». Forsøket vil innebera eit avvik frå §1-3 i Forskrift til opplæringslova då den går ut over den generelle delen av læreplanen. Dersom UDIR godkjenner søknaden vil tilbodet koma til endeleg realitetsbehandling i samband med klassesaka til hausten.*

#### *Kommentarar frå tillitsvalde:*

- *Svært grundig og tillitvekkjande søknad*
- *Tilbodet vil vera attraktivt*
- *Tillitsvalde gav tilslutning til søknaden*

*Fylkesdirektør tek kommentarane til etterretning.*

Vi presiserer med dette at lokalt informasjons- og drøftingsmøte er på fylkesnivå ved fylkesdirektør opplæring. Omgrepet *lokalt* vert nytta for å skilje møtet frå informasjons- og drøftingsmøtet som er på konsernnivå i fylkeskommunen.

Vi beklager at omgrepet *lokalt* kan ha vore årsak til at utdraget av protokollen har vorte oppfatta som at det gjeld informasjons- og drøftingsmøte på skulenivå. Søknaden har tilslutnad både på skulenivå og på fylkesnivå.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Hillevi Elizabeth Runshaug  
regionleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

